



## MØTEBOK

### Høyringsutkast til skulebruksplan for Fitjar kommune 2019 - 2023

Utval sak	Utval	Møtedato
34/18	Utval for Oppvekst og omsorg	12.06.2018

#### Vedlegg:

- Høyringsutkast til skulebruksplan for Fitjar kommune 2019 – 2023.

#### Bakgrunn:

Skulebruksplanen for 2014 – 2018 vart vedteken i kommunestyret 11.11.2014. I samband med budsjettet for 2018 fekk administrasjonen i oppdrag å laga ny skulebruksplan. Planen skulle m.a. synleggjera ei redusering av skulebudsjettet med 1,5 mill. i 2020 og 3 mill. i 2021. I tillegg må ein leggja inn eit mindreforbruk på om lag 660.000,- sidan ein ikkje flytta 7. trinnet ved Øvrebygda skule hausten 2018. I den framtidige planperioden vil elevtalet gå ned. Det samla reduksjonens behovet vil av den grunn liggja på om lag 4,6 millionar.

Utval for oppvekst og omsorg gjorde 13.02.18 vedtak om å starta opp planarbeidet med den nye skulebruksplanen. Her vart hovudemna i planen skisserte. Vidare vart det lagt til grunn brei medverknad i prosessen av tillitsvalde, ungdomsråd, samarbeidsutvala ved dei ulike skulane, leiinga ved skulane osv. Det vart også lagt vekt på politisk medverknad der eit utvida utval for oppvekst og omsorg (Frp representert) skulle delta i prosessen. I framdriftsplanen legg ein til grunn at planen skal ut på høyring i juni, med høyringsfrist i september. I løpet av hausten skal planen vedtakast i utval for oppvekst og omsorg og deretter i kommunestyret.

#### Saksopplysningar:

Arbeidet med en nye skulebruksplanen har gått etter oppsett plan. Det har vore to arbeidsmøter undervegs der eit utvida utval for oppvekst og omsorg, tillitsvalde og skuleleiarane har delteke. Saka er handsama i AMU og drøfta med hoveditiltsvalde. Skulebruksplanen ber preg av mange opplysningar formidla i ord og tal, noko som er nødvendig for å sjå heilskapen sidan planen denne gongen ber preg av dei omfattande nedskjeringane som skulesektoren må ta etter oppdraget frå kommunestyret. Analysar av skulane står i sjølve skulebruksplanen og vert ikkje oppsummert her i saksframlegget. I saksframlegget synleggjer me rammevilkåra, kommuneøkonomi, og moglege verknadar for lokalsamfunnet. Oppdraget vert på mange måtar forsterka, når ein ser på dei samla økonomiske utfordringane som kommunen har.

#### Fitjar kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon.

I økonomiplanen 2018-2021 har kommunestyret vedteke reduksjon i drift med:

- 2019: Pleie og omsorg 1,4 mill. gjennom redusert driftsnivå på FBB ved nybygg, skule og oppvekst 1,2 mill. og andre avdelingar 0,7 mill. (inkludert 1 mill. i uspesifisert reduksjon på administrasjonen på 1 mill.)
- 2020: 3,2 mill. hovudsakleg skule
- 2021: 1,2 mill. hovudsakleg skule

Innsparingane i skulen skal handterast gjennom kommunen si igangsetting av ny skulebruksplan 2019-2023.

Økonomiplanen har eit meirforbruk i 2020 som aukar i 2021. Når ein kjem så langt fram, krevst det ytterlegare tiltak for å komma i balanse.

KS har utarbeida prognose med bakgrunn i kommuneproposisjonen 2019, for perioden til 2022. I 2022 er Fitjar nede på det nye inntektsnivået (ingen kompensasjon gjennom INGAR).

Dersom me føreset likt driftsbudsjett i 2022 som i 2021, rammetilskot som prognosen, og skatteinngang på 90 % av landsgjennomsnittet, finn me beløpet me må betra balansen med, for å ha eit budsjett i balanse (utan mindreforbruk) i 2022:

Vedtekne reduksjonar i perioden	7,7 mill.
Korrigering / avvik	0,2 mill.
<u>Meirforbruk 2022</u>	<u>4,5 mill.</u>
Sum	12,4 mill.

I tillegg til dette bør kommunen styrka sin økonomiske reserve i budsjettet for å kunne handtera endringar i brukarbehov som skjer i løpet av driftsåret.

For å få dette til, må ein truleg ta i bruk alle verkemiddel ein har, til dømes:

- Vurdera grunnbemanning
- Strukturelle endringar
- Omstilling og effektivisering
- Slutte med visse tenester
- Kunnskapsbasert vurdering om tenestene er verknadsfulle.
- Sikra kommunens inntektsgrunnlag særleg knytt til ressurskrevjande brukarar og tilskot til tenester.
- Auke inntekter (eigedomsskatt, brukarbetaling, havbruksfond)

Administrasjonen har sett i gang eit arbeid for å vurdere organisasjonsstrukturen i høve til utfordringane Fitjar kommune har.

Sidan innsparingsbeløpet er så stort har ein lagt bort 0 alternativet (dagens skulestruktur) Det ligg no til grunn i planen 3 ulike alternativ.

- Alternativ 1: Nedlegging av Selevik og Øvrebygda skule.
- Alternativ 2: Selevik skule vert lagt ned. Øvrebygda skule blir ein 1.- 4. skule der elevane frå Selevik vert tilført Øvrebygda. 5. – 7. trinn ved begge skulane vert overført til Rimbareid skule.
- Alternativ 3: Selevik skule vert uendra. Øvrebygda skule vert lagt ned og elevane overført til Rimbareid skule.

Ein kvalitetsplan for Fitjarskulen vil koma seinare. Denne vil utdjupa det pedagogiske innhaldet.

#### Verknadar for Fitjarsamfunnet ved endra skulestruktur.

Administrasjonen rår til å leggja ned grendaskulane i Fitjar og ha ein barne- og ungdomsskule for alle på Rimbareid.

Den sterkaste drivkrafta for dette framlegget er kommunen sin økonomiske situasjon, men me ser også demografiske trendar som peikar i denne retninga t.d.

elevtalsutviklinga. Når elevtalet går ned svekkar dette inntektene til kommunen gjennom inntektssystemet, og gradvis vil dette få effekt for skulane sine rammevilkår, utan at ein klarar å redusere klassetalet. Dette fører til diskusjonen om skulestrukturen, som no er utgreia gjennom skulebruksplanen 2019 – 2023.

På den andre sida er folketalet i Fitjar svakt men positivt, aukande.

#### Kvar er folketalsveksten planlagt?

Utbyggingsmønsteret slik det ligg i kommuneplanens arealdel frå 2012 viser at eksisterande og nye bustadfelt er planlagt sentralt i Fitjar (Rosneset) Det er tilrettelagt for spreidd bustadbygging ulike stadar i bygdene for eit færre tal bustadar (2-4) som kan førast opp. I tillegg kan det skje generasjonsskifte i eksisterande bustadar. I diverse

samtalar med aktørar i bygdene har det kome fram ønskje om å etablere nye bustadfelt t.d. i Selevik.

Skal folketalet i kommunen auka er det viktig å vera ein god tilretteleggjar både for næringsutvikling og for bustadbygging. Kommunen sin rolle innan dette området har endra seg dei siste 20 åra, frå å vera ein felleigar- og utbyggjar, til å tilretteleggja areal i kommuneplanen for private utbyggingsinitiativ. Staten og regionale styresmakter har også strategiar for samordna areal- og transportplanlegging. Utbyggingsmønsteret forsterkar Fitjar sentrum.

Kva verknadar har det for Fitjar å endra skulestruktur? Det kan me ikkje ha heilt sikker kunnskap om. Me har vurderingar rundt følgjande:

Dersom me ikkje gjer strukturelle endringar i skule, vil innsparingane av dette måtte takast andre stadar – enten i sektoren sjølv eller i tiltak i andre sektorar. Den samla kvaliteten på kommunen sine tenester til lokalsamfunnet vert då eit spørsmål og det er vanskeleg å gjera slike vurderingar før ein veit presist kva som er alternative kutt. Alle val har effekt i tenester eller lokalsamfunn. Eit alternativ er å auka kommunen sine inntekter gjennom auka eigedomsskatt, brukarbetalingar eller nye statlege inntekter som havbruksfondet.

#### Verknaden for dei mest berørte lokalsamfunna:

##### **Øvrebygda**

I skulebruksplanen har ein omtalt skulen sin verdi for lokalsamfunnet, der det går fram eit nært samspel mellom skulen og grenda, og at delar av skulelokala vert brukt til idrett- og sosiale samankomstar. Skulen har ein sentral plass i høgtider som 17. mai og jul.

Øvrebygda har hatt skule sidan 1867 og mange har fått si grunnutdanning på denne skulen. Skulen er ein liten institusjon, og å ikkje ha skule i bygda kan vera eit tap av identitet. Det kan også påverka staden sin attraktivitet for tilflytting. Skulen vil vera ein del av ein samla attraktivitet.

På ei anna side er det kort reisetid mellom Øvrebygda og Rimbareid skule ( ca. 15 minutt) slik at det er ikkje grunn til å tru at mangel på skule lokalt i bygda vil vera noko sterk « avstøtingsmekanisme» for framtidig busetting. Framskriving av dagens elevgrunnlag er synkande.

##### **Selevik**

I skulebruksplanen har ein omtalt skulen sin verdi for lokalsamfunnet, der det går fram eit nært samspel mellom skulen og grenda, og at delar av skulelokala vert brukt til idrett- og sosiale samankomstar. Skulen har ein sentral plass på høgtider som 17 mai og jul.

Selevik med sine om lag 30 elevar er den miste skulen i Fitjar, og det har vore skule der sidan 1902. Skulen er ein liten institusjon i bygda. Selevik er prega av dugnadsinnsats med tanke på etablering av arbeidsplassar og bustadfelt, og har hatt folketalsauke og eit stabilt elevantal over tid. Det er tatt initiativ overfor Fitjar kommune om planlegging av ny veg til Selevik, og tankar om eit nytt bustadfelt.

Selevik si plassering er nært Stord si kommunegrense, og i arbeidet med kommunereform ser ein andre stadar i landet eksempel på at krinsar kan søkja grensejustering mot nabokommunen. Dette kan påverka ein kommune sitt folketal og slik eins både inntektsgrunnlag og utgifter til kommunale tenester. Me er ikkje kjent med at dette er diskutert i samband med kommunereforma i Fitjar og Stord.

Me har ikkje oversikt over pendlingsmønster til dei som er busette i Selevik, men antar at dei fleste pendlar til Stord med tanke på arbeid.

Frå Selevik er det ein reiseavstand på ca. 35 min til Rimbareid skule, og det er ca. 10 min reisetid til næraste skule i Stord kommune (Sagvåg skule). Me har i skulebruksplanen lagt inn midlar til SFO i Selevik, samlokalisert med barnehagen. På den måten sikrar ein trygg opphaldsstad for dei minste barna etter skuletid, og reduserer pendlingstida for foreldra.

Å leggja ned skulen i Selevik vil truleg i større grad enn for Øvrebygda påverka attraktiviteten til lokalsamfunnet. Likevel er det truleg andre kvalitetar som avgjer kor familiar buset seg eks. tomteprisar, pendlingsavstand til sentrum, familie- og tilknytning til bygda, natur- og bukvalitetar og arbeidsplassar. Skulen vil vera ein del av ein samla attraktivitet.

### **Kommunesenteret, og verknaden av å ha ein skule for alle.**

Me ser at fleire kommunar på Fitjar sin storleik vel denne modellen med ein felles skule, og då gjerne samstundes som dei byggjer ein ny felles skule. Ein felles skule samlar ressursane og aukar mangfaldet i skulen både sosialt, fagleg og økonomisk.

Kvalitetsarbeidet i skulane vert meir einsarta og tydleg. Ein skule gjer institusjonen tydleg i kommunen, og det kan verka samlande for innbyggjarane over tid.

Å samla elevane i sentrum av Fitjar vil styrka kommunesenteret si rolle i lokalsamfunnet og styrka den samla attraktiviteten. Dette er viktig for Fitjar si konkurransekraft i høve til nabokommunar der me konkurrerer om kompetent arbeidskraft, busetjing og nærings etableringar. Me må sikra at nedlegging av to grendaskular ikkje samla svekkar Fitjar sin attraktivitet. Då er både utviklings strategiar og samla ressursbruk viktig å diskutera.

I skulebruksplanen er det lagt inn noko midlar til at ein del av skulane sin bygningsmasse kan oppretthaldast i grendene, slik at det kan vera ein sosial møtestad der. Det er ein føresetnad at bygga ikkje skal nyttast til skule. Å oppretthalda desse sosiale møteplassane for bygda vil i stor grad vera dugnadsbasert.

I skulebruksplanen er det omtala kva kvalitetar det vil vera ved å samla elevane på ein skule :

- Færre overgangar frå ein skule til ein anna. Ein vil redusere dei overgangane ein har i dag, og ein vil sikre ein betre kjennskap om elevane og elevgrupper. Dei vaksne vil ha betre oversikt over dei elevane dei har no og fram i tid.
- Ein blir inkludert i eit fellesskap frå 1.-10.trinn. Dette vil sikre at alle har betre moglegheiter for å bli sett av dei vaksne, over tid, på alle trinn. Ein vil kunne følgje elevane og tiltak som er gjort på ein betre måte då ein har kunnskap om den einskilde elev i same hus.
- Ein har fleire moglegheiter for vennskap med fleire elevar på same trinn. Dei minste skulane har færre elevar på kvart trinn, og det begrensar moglegheiter for vennskap for elevane, som er ein føresetnad for god læring og utvikling. Ein vil vere ein del av eit større fellesskap, kjenne eit tilhøyr og ha vennskap gjennom heile skuleløpet er viktig for at elevane føler tilknytning og tryggleik.
- Ein vil kunne få eit betre læringsmiljø, med større moglegheiter for å dele inn i grupper for elevar på ulike meistringsnivå. Og dei elevane som er på ulike nivå vil mogleg ikkje skilje seg ut i same grad som ein gjer i eit mindre miljø med færre elevar.
- Ein vil ikkje vere annleis i same grad då ein har fleire som mogleg vil ha felles interesser og som ein kan skape vennskap med.
- Fleire lærarar med ulike kompetanse, og meir rom for tilpassing til den enkelte elev. Ein vil kunne hente inn og få kompetanseheving internt på skulen då det er fleire lærarar å spele på.

For dei tilsette vil ein få:

- Større kollegamiljø. Ein vil kunne ha større fagmiljø, då ein vil ha fleire lærarar med same fag som kan samarbeide med kvarandre. Større moglegheit for delingskultur.
- Betre moglegheiter for å utvikle fagleg kompetanse på trinn og for kvar tilsett
- Større og breiare fagmiljø på dei ulike trinna, og skulen sett som ein heilheit. Ein vil ha eit fagleg breiare utgangspunkt for utviklingsarbeid.
- Større tal elevar i kvar klasse, men ein vil framleis ha ledig kapasitet.

### **Vurdering:**

Ut frå det økonomiske oppdraget frå kommunestyret har det tidleg kome fram at den skulestrukturen som ein har i dag ikkje er økonomisk berekraftig. Ny lærarnorm er ei anna utfordring som har komplisert arbeidet med skulebruksplanen. Det er no lagt inn ei simulering av kva konsekvensar denne norma vil få når den vert forsterka i 2019.

(Vedlegg til planen)

Dei ulike alternativa som no er omtala vil i ulik grad få konsekvensar for nærmiljøet.

Sidan tiltaket må vera verknadsfullt over tid og i økonomisk omfang foreslår administrasjonen alternativ 1 at begge grendaskulane vert lagt ned med verknad frå 01.08.2020, og at elevane vert samla på Rimbareid skule.

Då vil ein ha tid på seg til å gjera følgjande førebuingar:

- Få opp ny bygningsmasse ved Rimbareid skule.
- Gjennomføra tilpassingar i barnas opplæring. (årsplanar frå fådelt til fulldelt skule)
- Gjennomføra bemanningsmessige tilpassingar.

Med utgangspunkt i arbeidet med revidert budsjett for 2018 kan det sjå ut for at den økonomiske stoda vert svært krevjande i 2019. Av den grunn vil me vurdera gradvis iverksetjing av enkeltelement i vedtaket dersom dette er mogeleg i 2019.

#### **Rådmannens framlegg til vedtak:**

1. Skulebruksplan 2019 – 2023 vert lagt ut på offentleg høyring med høyringsfrist 17. september.
2. Utval for oppvekst og omsorg foreslår alternativ 1: Å leggja ned Selevik og Øvrebygda skule og samla alle elevane på Rimbareid skule med verknad frå 01.08.2020.
3. Etter kommunestyrets vedtak i skulebruksplan 2019 – 2023 ber me administrasjonen:
  - Gjennomføra tilbygg ved Rimbareid skule
  - Gjennomføra tilpassing i barna si opplæring
  - Gjennomføra bemanningsmessige tilpassingarDet vert opna for at enkeltelement kan iverksetjast skuleåret 2019- 2020.

#### **Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 12.06.2018:**

Rådmann Olaug Haugen og skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om saka i møtet.

**Representanten Ole Bergesen (H)** kom med slikt framlegg til vedtak: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert tatt til vitande.

Skulebruksplanen 2019 – 2023 vert lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist 17. september.

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med slikt framlegg til pkt. 2 som tillegg til framlegget frå Ole Bergesen (H): Økonomiske konsekvensar, som måtte komma av kommunestyret sitt endelege vedtak om skulebruksplan, vert å komma tilbake til under budsjettarbeidet til hausten.

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall. Framlegg frå Ole Bergesen (H) vart samrøystes vedteke. Pkt. 2 som tilleggspunkt til Ole Bergesen frå Harald Rydland fekk 1 røyst (KrF) – 4 røysta imot (Ap, Sp og H).

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert tatt til vitande.

Skulebruksplanen 2019 – 2023 vert lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist 17. september.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*